



Stemneplassen er no fint rydda.

Vi har merka oss merknaden frå ein lesar om rydding på Friluftsplassen til 17. mai. No kan vi alt melda at plassen er rydda og klar til nasjonaldagen. Dei parkerte bilane er flytta.

Friluftsplassen, som til dagleg og vert kalla Stemneplassen, er ei gåve til bygda frå Wilhelm Bjelland. Plassen skal vera eit friområde, stemneplass og møteplass for alle gode føremål i Uskedalen. Uskedal Friluftslag er såleis ein felles organisasjon for alle medlemene. Medlemene er laga i bygda. Slik sett er det eit kollektivt ansvar å sjå til at plassen vert forvalta slik det er føreskrive i gåvebrevet.

Styret har registrert mindre og endra bruk av plassen. Plassen fungerer i liten grad som ein stemneplass, men meir som eit friområde for skulen og barnehagen med trelavoen på toppen av Skårhaug. Møterommet vert brukt mindre enn før, men er godt brukande for dei som ynskjer eit rimeleg møtelokale.

Styret vil med det fyrste kalla inn til møte der ein legg opp til ei drøfting om framtidig drift av Friluftsplassen.

Tekst: Kristian O. Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland

